



Den rike mannen og bonden

- En arabisk fortelling

For lenge, lenge sidan, langt, langt borte, midt i ein stor og stille ørken, var det ein liten arabisk by. Midt i byen var det ein basar, ein stor marknadsplass der folk hadde samla seg for å handle. Basaren hadde tusenvis av tronge gater og smug. I kvart einaste smug var det tusenvis med fargerike butikkar der ein kunne kjøpe alt mellom himmel og jord.



Her, midt i folkemengda, gjekk ein rik mann på tur ein dag. Han hadde på seg fine og dyre klede: ei lang silkekåpe frå Kina, gullkjede frå Persia og ein diamantring frå India. Den rike mannen gjekk som ein påfugl, med nasen høgt i vêret og bringa fram, medan den lange kåpa hans subba i bakken rundt han. «Pass deg! Pass deg!» ropa nokon.


Plutseleg såg den rike mannen ein fattig bonde som kom raskt mot han. Bonden hadde skitne og utslitne klede. På ryggen bar han ein stor og tung bunt med fyringsved. Bonden gjekk med bøygd rygg og kunne ikkje sjå folk framfor seg. For å ikkje kome bort i nokon ropte han: «Pass deg! Pass deg!» Alle menneska flytte seg, bortsett frå ein: den rike mannen. «Kvifor skal eg flytte meg for ein fattig bonde med øydelagde klede?» tenkte rikmannen og heldt fram med å stå i vegen.



Brått kolliderte bonden med den rike mannen. Rikmannen ramla over ende og fekk bunten med ved over seg. Han vart trykt ned i gjørma, og dei fine kleda hans vart øydelagde.



«Dette skal du betale for!» skreik den rike mannen. «Bli med meg!»
Rikmannen tok tak i kragen til bonden og drog han med seg til dommaren
i byen.



I retten fortalde den rike mannen at han gjekk ein tur rundt på basaren og ikkje høyrde at bonden kom mot han, fordi bonden ikkje varsla han.

«Bonden øydela kleda mine med vilje», sa den rike mannen. «Men kvifor skulle bonden gjere noko slikt?» spurde dommaren. «Bonden var sjalu på meg fordi eg har finare klede enn han», svarte den rike mannen.


Så spurde dommaren bonden: «Kvifor øydela du kleda til den rike mannen?» Bonden var musestille og sa ikkje eitt einaste ord. «Høyrde du ikkje? Kvifor øydela du kleda til den rike mannen?» tok dommaren opp att. Bonden sa framleis ikkje noko. «Eg gjentek: Kvifor øydela du kleda til den rike mannen?» sa dommaren høgt og irritert. Framleis kom det ikkje så mykje som eit pip frå bonden.



Då snudde dommaren seg mot den rike mannen og sa irritert. «Skjønner du ikkje at bonden er stum? Korleis kan du krevje at ein som ikkje kan snakke, skal varsle deg?» sa dommaren. «Åh jau!! Jau! Han kan snakke! Eg veit at han kan snakke! Eg hørde han. Han ropte høgt: Pass deg! Pass deg! Mange gongar!» svarte den rike mannen utan å tenkje.



Dommaren straffa den rike mannen fordi han hadde loge. Han måtte betale 1000 gullmyntar til bonden og i tillegg måtte han stå på torget framfor alle på basaren og rope: *«Eg var sjølvgod og ville ikkje dele. Derfor ramla eg i søla og øydela mine fine og kostbare klede.»*





Illustratør: Svetlana Voronkova

Se flere fortellinger på morsmal.no